



## Statens vegvesen

RONNY STORHEIM  
Vetåsveien 160  
5938 SÆBØVÅGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/225609-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
12.03.2018

### Uttale – Fv. 406 – Avkøyrsløse og byggjegrensing – Gnr. 86 bnr. 46 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 15.12.2017. Vi var på synfaring på staden 07.03.2018.

#### Kva saka gjeld:

Søknaden gjeld avkøyrsløse frå fv. 406 til gnr. 86 bnr. 46 i Radøy kommune. Det er også søkt dispensasjon frå byggjegrensing langs fylkesveg 8 meter frå vegmidte for å oppføre bustad på tomte.

Eigedomen er avsett til *landbruk-, natur- og friluftsføremål* (LNF) jf. kommunedelplan for Radøy Sør (2009). Tiltaket krev difor dispensasjon frå plan. Fylkesvegen er i tillegg omfatta av reguleringsplan *Fv. 406 og 407 Storheimstø – Vetås (2010)*.

#### Opplysning om saksgong:

Før saka vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ein uttale som kan nyttast til kommunen si handsaming av søknaden.

#### Uttale til handsaming etter plan og bygningslova:

Den omsøkte tomte vart frådelt i 1999. Det vart seinare same år gitt løyve til å opparbeide ny avkøyrsløse innan tre år elles fall løyvet bort. I 2005 vart det gjeve eit mellombels løyve til å nytte avkøyrsløse til bnr. 16 slik at ein kunne starte bygging på tomte fram til ny avkøyrsløse til ny vart bygd. Det vart og gjeve dispensasjon frå byggjegrensing langs veg på 12,5 meter i 1999. Den gong var byggjegrensing langs fylkesveg 15 meter.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

### *Tekniske opplysningar:*


Tiltaket ligg på austsida av fv. 406, like før enden av vegen ved Vetås kai. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og ÅDT (årsdøgertrafikk) er 420. Strekinga er klassifisert til Haldningsklasse 4 jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)*.

### *Vegvesenet si vurdering av saka:*

Det er i søknaden referert til tidlegare vedtak. Statens vegvesen meiner at søkjar ikkje innretta seg etter desse vedtaka, jf. vårt vilkår om frist på 3 år for gjennomføring av tiltaket. Vedtaka er forelda og søknaden må vurderast på nytt i samsvar med dagens lovverk og krav. Eit anna moment er at søknaden er endra sidan 1999 og 2005.

Sidan førre søknad er det vedtatt ny reguleringsplan for fylkesvegen *Fv. 406 og fv. 407 Storheimstø – Vetås (2010)* som omfattar vegstrekinga forbi tomta.

Det er søkt om avkøyrslar til fylkesvegen, såkalla alt. 1, nord for tomta. Vi har vore på synfaring og meiner det er mogleg å få til ein ny avkøyrslar som omsøkt. Vi meiner at siktkravet kan tilfredstillast dersom ein fjernar del av terreng retning venstre i avkøyrsla, mot Vetås.



*Situasjonskart*

Søker ber også om ei vurdering av alt. 2 som går om eksisterande avkøyrslar til bnr. 16. I godkjent reguleringsplan er det synt ei avkøyrslar her som skal vere felles for eigedomane innanfor vegen. Denne avkøyrsla har ei svært dårleg utforming, der den ligg skrått på fylkesvegen, med dårleg sikt og liten svingradius. Ved ny og utvida bruk slik det her er søkt om, stiller vi krav om at avkøyrsla må utbetrast slik at dagens krav til utforming vert

tilfredsstilt. Vi ser ikkje at dette lar seg praktisk gjennomføre utan store inngrep i terrenget, og i tillegg må ein pårekne store kostnader utan at avkøyrsla vert vesentleg betre.



*Bilete: Eksisterande avkøyrsla (alt. 2).*

### **Byggjegrænse:**

Byggjegrænse langs veg skal ivareta trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Den generelle byggjegrænse langs fylkesveg er 50 meter. I rammeplan er det lagt til grunn at ein kan akseptere ei byggjegrænse på 15 meter frå vegmidte når strekninga er klassifisert til haldningsklasse 4. Vi er generelt svært kritisk til å oppføre bustadhus nærare vegmidte enn dette, som følgje av ulempene ved å bu nærare vegen. Eit relevant argument i denne saka er at det føreligg ein godkjent reguleringsplan som legg til rette for vegutbetring til to køyrefelt og nytt fortau på denne strekninga. Byggjegrænse skal ta høgde for at det skal vere naudsynt areal til utviding av vegen, og eventuelle forhold som måtte oppstå når vegen skal byggjast.

I søknaden er det vist til eit vedtak frå 1999 der det er gitt løyve til å byggje inntil 12,5 meter frå vegmidte. Det er no søkt om dispensasjon frå byggjegrænse på 8 meter frå vegmidte. Målt på kart er bustadhuset plassert om lag 3 meter frå plangrensa. Dette er for knapt og kan ikkje akseptierast frå vegvesenet si side.

### **Oppsummering:**

Statens vegvesen meiner at det vert krevjande å utbetre eksisterande avkøyrsla (alt. 2) til dagens krav, og vil frarå dette alternativet. Etter ei konkret vurdering av tilhøva på staden meiner vi det kan påreknast avkøyrslsløyve etter veglova til alt. 1, nord for tomta, dersom våre tekniske krav til utforming vert innfridd.

Vi kan ikkje akseptere ei plassering av bustadhus 8 meter frå vegmidte som omsøkt. Vårt råd er å utforme tomta slik at bustadhuset vert plassert lengst vekk frå vegmidte, og minimum

12, 5 meter i samsvar med vedtaket frå 1999. Dette må også inkludere veranda og andre eventuelle tiltak.

Dersom kommunen vel å gje dispensasjon i dette tilfellet, vil vi behandle søknaden vidare etter føresegnene i veglova. Det må då sendast inn ny søknad med kartvedlegg som syner endeleg plassering av bustad og avkøyrsløse.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER